

August

Velkommen til et nytt SFO-år! 🌸

Håpar alle har hatt ein fin ferie!

Me ønskjer både nye og «gamle» barn hjarteleg velkommen til SFO! Me gler oss til eit nytt år fylte med leik, aktivitet, meistring og gode opplevingar saman.

Den første tida vil me ha ekstra fokus på å bli kjende med kvarandre, byggja gode relasjonar og skapa tryggleik. Me skal også bruka tid på å bli godt kjent med SFOs rutinar og rammar, slik at alle barna får ein trygg og god start på året.

Me ser fram til mange fine dagar saman! 💛

Litt info:

- ★ Eg endrar litt på månadsplanen dette året og skriv kun aktivitetar på onsdagane. Dei andre dagane er det vanlegvis frileik.
 - ★ Me har felles bursdagsfeiring for dei som har bursdag den månaden, me sett den til siste onsdagen om det lar seg gjere. Då bestemmer bursdagsbarna aktivitet og evt. noko enkelt å spisa. Skal dei ha med noko spesielt denne dagen får de ekstra beskjed.
 - ★ Me er så heldige å fått med oss Serine Kvalvågnes til å vere på SFO medan Dorota er vekke. Ho kjem til å vere hovudsakleg på ettermiddagar.
-
- Ber alle om å ta ein runde på Visma å sjekke om tidspunkter og dager er oppdaterte til dette året og eventuelt endre.
 - Skal ungen din på SFO til andre tider enn det står i påmeldinga/bestillinga, ver grei å gje beskjed. Nokon er flinke, medan andre gløymer seg ut, og det er uføreseieleg for tilsette og vikarar på SFO.
 - Treng du ein ekstra dag på SFO må me ha beskjed 3 dagar før.
 - Ha alltid med vannflaske på SFO. Dei kan evt. ligga fast på SFO, om det kan vera ein løysning. Merk då flasken med namn.

Har heilt sikkert gløymt å fått med noko, men send meg gjerne ein melding på Visma om det er nokre spørsmål.

Veke	Aktivitet	Info
34	Matjungelen- Måltidglede i fellesskap 	Me lagar ikkje mat denne dagen. Ha med matpakke.
35	Bursdagsfeiring! Ta med dag. Ha med EIN leike på SFO! 	